

Rep.sak 07-19 Økonomiplan 2020-23.

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet vedtek i tråd med Strategiplan 2020-2023 slik økonomiplan for perioden:

2020:

Bygg og faste installasjonar

Kr 14,3 mill. i opparbeiding av ny tomt.

Kr 22,0 mill. i omlastehallar for mat-, rest- og papiravfall med luktreising og personalbase.

Kr 20,4 mill. i Tele, Elkraft, VVS og generelle kostnader

Kr 10,3 mill. i felleskostnader og avsetning til usikre postar

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i div utstyr i samband med renovasjon Hornindal.

Kr 2,0 mill. i nedgravne renovasjonsanlegg

Kr 4,5 mill. komposteringsmaskin for hageavfall

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som avfallsbeholdarar, containerar, komprimatorar og liknande.

2021:

Bygg og faste installasjonar

Kr 5,0 mill.kr i oppgradering av anlegg i Hovdebygda.

Kr 11,2 mill. i grunnkjøp i tråd med rep. skapet sitt tidligare vedtak i sak 08-17 og styresak 27-17.

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i nedgravne renovasjonsanlegg

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar

Kr 1,0 mill. Oppgradering av mottakspunkt for avfall frå fritidshus

2022:

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i nedgravne renovasjonsanlegg

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som containerar og enkle bygningsmessige tiltak, oppgradering av mottakspunkt for avfall frå fritidshus

2023:

Teknisk utstyr

Kr 1,0 mill. i nedgravne renovasjonsanlegg

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som containerar og enkle bygningsmessige tiltak, oppgradering av mottakspunkt for avfall frå fritidshus

2. Investering i eventuelt biogassanlegg i planperioden vert å vurdere når Løyve ligg føre med prosjektgruppa sin tilråding.

3. Fossilfrie køyrety og drivstoff typer vert å vurdere, i samband med oppstart av biogassanlegg.

4. Administrasjonen innarbeidar oppdatert kostnadskalkyle for investeringane i 2020 før handsaminga i representantskapet.

5. VØR sluttar med sal av svarte avfalls sekkar for restavfall og går over til lys gule sekkar merka VØR. Dette så tidleg som råd i 2020.

Handsaminga (5 røysteføre):

Samrøystes vedteke saman med tillegg fremja av Helge Standal om fossilfrie køyrety og forslag frå styreleiar om å gå bort frå sal av svarte bossekkar.

Administrasjonen legger inn oppdatert kostnadskalkyle for investeringane i 2020 til handsaminga i representantskapet. (Utført på grunnlag av overslag frå Ose Ingeniørkontor 27.09.19 v. J. Reitan)

Saksutgreiing

Representantskapen skal etter Lov om Interkommunale selskap § 27 og vedtekter for selskapet § 7 vedta økonomiplan for selskapet for dei komande fire år.

Planen bygger på VØR sin strategiplan og årlege handlingsplan og kjem med tilråding frå styret til representantskapet.

Vedteken økonomiplan er grunnlaget for neste års drifts og investeringsbudsjett.

Om økonomiplanen:

Dei to overordna mål vedtekne i strategi og handlingsplan er 60 % materialgjenvinning og redusert transport i VØR i tråd med stortinget sin klimaplan. Det er den raude tråd i denne i økonomiplanen, ilag med vilje til etterleving av Løyve. (Løyve er dei statlege vilkåra som er sett til drift av avfallsmottaka i Hovdebygda og Melsgjerdet.)

For å oppnå måla må meir av restavfallet heime og grovavfallet VØR tar imot på Miljøstasjonen, sorterast reint i fleire gjenvinningsfraksjonar.

Fleire sorteringsalternativ krev meir plass og plass under tak og dette kontrollarar staten ved fylkesmannen i Møre og Romsdal med jamnlege tilsyn .

Dersom denne økonomiplanen vert vedteken, vil den legge opp til det.

Vi legg opp til flytting til eit nytt anlegg for innsamling, mellomlagring, omlasting av avfall. Alt under tak. Vidare etablera vi komposteringsplass av hageavfall og base for utlevering og lagring av nye og brukte behaldarar.

Eksisterande anlegg i Hovdebygda får frigjort plass, og etter 15 års drift vert anlegget oppgradert for å tilfredstille dagens krav.

Om gjenvinningsmåla

Materialgjenvinningsmålet 5 % høgre enn nasjonale mål, er ei oppfølging av representantskapet sitt tidligare vedtekne mål om materialgjenvinning for 2020. Årsaka til at ein ikkje har nådd målet, er plassutfordringar og dels at der ikkje har vore tilbod i marknaden for å levere reine gjenvinningsfraksjonar til.

Siste året har det dukka opp to nye tilbod, reint trevirke kan gå til utlandet og sponplateproduksjon og løysing for hardplast. Disse vert implementert i 2021 eller om vi får det til seinhausten 2020.

Punktet om redusert transport er og med frå tidligare tidligare vedtek i representantskapet, og kjem frå klimaforliket som eit samla storting står bak. Konkret er målet 20 % reduksjon samanlikna med referanseåret 2010. Her har representantskapet satsa på nedgravne løysingar som tiltaket. Og kommunestyra i forskriftene har satsa på optimal hentefrekvens. Ein tredje veg er slutthandsaming av avfallet lokalt og vekt optimalisering ved komprimering før varene vert sende, men dette ligg i så fall fram i tid.

Økonomiplan 2020-23 mot økonomiplan 2018 -2022.

Disse to planane er svært like, og har satsinga sin på utbygging nytt område som det største tiltaket. Det meste av dei andre tiltaka er og gamalt nytt, men med den forskjell at vi no er komne lenger i tid, og såleis veit meir om kva som ventar oss. Innføringa av matavfallinnsamling ligg og bak oss. Det var ukjent landskap for oss i 2017 når den førre planen var vedteken.

Av andre tiltak frå styret, er vedtak som ber om at ein sikrar seg resttomta som ligg på same kotehøgde på Melsgjerdet.

Areal er kritisk faktor for å kunne utvikle seg i avfallsbransjen, og styret har difor bedt om å sikre areal for å ikkje verte innebygt i framtida.

Konsekvens av at ein ikkje kom i gang med bygging i 2018.

Bygginga på Melsgjerdet kom ikkje i gang i 2018 fordi omregulering av arealet måtte til. Den er no ferdig.

Det positive med utsettinga som følgje av omreguleringa i den grad ein skal påstå at utsetting er positivt, er at den nye reguleringsplan gir meir utbyggbart næringsområde, og såleis rimelegare tomtepris pr. kvm. for oss som kjøpar. Ørsta Kommune har fastsett tomtepris etter sjølvkostprinsippet 6 % lægre enn i 2016. I tillegg har vi fått ei tomt som er mindre «spiss».

Framdrift Melsgjerdet no.

Vi har fått Løyve etter klagehandsaming i Miljødirektoratet. Vidare er reguleringsplanen eigengodkjent samrøystes av Ørsta Kommunestyre, men det kan godt vere at den vert klaga inn til Fylkesmannen. Det veit vi ikkje no. For oss er planen uansett godt nytt, klage eller ikkje.

Ikkje er der motsegner eller merknader til omlegging av vegen inne på området, og ikkje er der merknader til byggehøgder. Dessutan er avlaupssituasjonen no avklara.

Dersom ikkje ny plan vert stadfesta vil gammal plan gjelde, og det verste vi kan risikere, er at byggegodkjenninga må gå som dispensasjon. Ein dispensasjonssøknad som vert påklaga vil neppe få oppsettjande verknad når spørsmåla så grundig er handsama i reguleringsplanssamanheng.

Konkurransesgrunnlaget vil vere ute på Doffin i oktober 2019. Styret får sak om avtaleinngåing før jul om alt går etter plan og vi satsar på innflytting seinhausten 2020, med fulle avskrivningar i 2021 rekneskapen.

Konsekvens av årleg rullering av økonomiplan

Vedtaket om investering i første året av planen, 2020, har representantskapet gjort tidligare i økonomiplan for 2018-2022 og med garanti i budsjettet for 2018.

At representantskapet no vert invitert til å gjere nytt vedtak er likevel viktig formelt, då det er krav i lov og vedtekter om at økonomiplan skal rullerast årleg.

Til informasjon så vart låneopptaket gjennomført ved årsskiftet 2018/2019 for å halde seg til tidsrette garantiar og står i banken på høgrentekonto.

I 2021 oppgraderar vi anlegget i Hovdebygda med nye fraksjonar og dei krav statleg mynde har til slikt.

Frå 2022 og framover ser vi ikkje behovet for anna enn moderate investeringar for resten av perioden.

Status låneramme

Investeringane i denne økonomiplanen føreset at vi held oss innafor låneramma på 100 mill. kr.

Ved inngangen til perioden vil gjeld vere på 93 mill. kr, og ved utgangen i 2023 er den redusert til 66 mill. kr, om denne planen vert følgt.

Biogass

Evnt. Biogassanlegg er ikkje med i planen. Anlegget vil for det første krevje Løyve, og for det andre eit samarbeid mellom fleire for å kunne realiserast. Det har vi håp om, men det ligg fram i tid.

Handsamingstida frå det vert søkt og fram til Løyve ligg føre, kan ta opp til to år. Deretter skal investeringsgrunnlaget gjennomgåast og evnt. investeringsavgjerd takast, og det skal byggast. Vi er då komne til slutten på denne økonomiplanperioden / starten av neste periode.

Nærare om tiltaka i 2021.

Flyttinga til Melsgjerdet frigjer plass i Hovdebygda slik at kværna trevirke kan flyttast under tak. Nærare bestemt i dagens restavfallslager, som vert delt i to bingar. Ca 1/3 av trevirke er definert som kvitt trevirke og kan gå til sponplateproduksjon og ein for ureina trevirke som skal til energigjenvinning.

Lageret av impregnert og kreosotimpregnert trevirke vert flytta inn under tak i same hall mot vest. Likeså hardplast som kan gå til materialgjenvinning. Oppgraderinga er påstøyp eller handsaming av golvet som no er slite etter 15 vintrar med piggdekk og kjettingar, pluss etablering av i alle fall to skiljeveggar i stål. Relativt moderate investeringar.

Dagens lagerplassar for glas og metallemballasje må overbyggast og nytta til gips den eine og isolasjon den andre. Vi har mange sjøløppussarar, og dette må på plass. Inne i Miljøstasjonen vil vi bygge om i alle fall mottaket av papp og metallar, for å redusere intern og eksternttransport.

Vi veit at anlegget i Hovdebygda vil få krav om oppsamling av overflatevatn frå asfalterte areal. Dette må gå via oljeavskiljar og fordrøyingsbasseng til kommunal spillvassleidning. SSR i Ulsteinvik fekk kravet når dei bygde om. Anlegget på Melsgjerdet likeså. Det kjem nok og her.

Eg vurderer det som relativt greitt å bygge fordrøyingsbasseng på dagens tomt i Torvmyrane både teknisk og økonomisk. Likeså sprinkleranlegg for å kunne gi stabilt trykk til brannvatn slik forsikringsselskapa krev av avfallsanlegg.

Totalt har vi sett 5,0 mill kr. til tiltaka, og meiner at det skal halde.

2022.

Frå og med 2022 vert det berre aktuelt å bruke mindre summar på bygg. Garderober og dusjar nede er frå år 1988 og treng sårt oppgradering. Vi ser kva vi greier innafor ramma. Frå 2022 vil vi betale ned langt meir gjeld enn det som vert tatt opp av ny gjeld.

Kvaliteten på talmaterialet.

Styret gjorde slikt samrøystes vedtak i sak 02-17 Økonomiplan 2018-2022:

«Styret ber om at administrasjonen får utført ei eksternt kvalitetssikring av tiltak som skal vere med i øk.plan, og konsekvensane dette har på lån og gebyrutvikling. Resultat av denne kvalitetssikringa vert å legge fram for styret seinast i samband med handsaming av budsjettet for 2018.» (vedtak slutt)

Ose Ingeniørkontor gjorde denne bygningsmessige eksterne kvalitetssikringa i samband med søknad om Løyve på ny tomt på Melsgjerdet. Etter styremøtet den 18 september, har vi mottatt ei ny kalkyle som no er innarbeida i tilrådinga slik rådet frå styret var. Tala i kalkyla frå 2018 og tal no i 2019 varierar lite, og er innafor vedtaket i 2018 med investering inntil 71,9 mill. kr. Kostnadsoverslag på det tekniske utstyret byggjer vi på eigne data opplysningar om budsjettpris frå leverandørar i bransjen. Vi har denne gangen ikkje tatt ei ny kvalitetssikring på tala, då vi vurderer det slik at prisane ikkje har endra seg så mykje på to år.

Sjølvkostfondet

I økonomiplanperioden vil fond hushaldning vere tilnærma i balanse. Vi har eit opparbeida underskot frå år 2018 på 1,015 mill. kr som burde innbetalast i 2020. Dvs. ca kr 100,- høgere gebyr enn det som er foreslått. Det er ikkje tatt med.

Årsaka til at dette er at Fond etterdriftstiltak deponi ved siste årsskifte er på kr 724.028,- Fondet har ikkje vore tatt ut midlar frå på fleire år. Vi har derfor sendt spørsmål til vår revisor om dette kunne overførast til sjølvkostfondet, som kravde positivt svar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om dette er høve til.

Der har vi no fått positivt svar etter styremøtet. Fondet vart avsett i 2004 der 1/3 av overskotet den gangen kom frå næring og resten frå hushaldning, 1/3 av kr 724,028,- vert derfor tilført fri eigenkapital, medan resten vert tilført fond hushaldning.

Gebyrinntektene skal balansere med kostnadene. Det inneber at alle investeringar i planperioden vert å finansiere med låneopptak, og avskrivast i objektet sin levetid.

Oversyn gebyrutvikling i perioden.

År	Standardgebyr	Nye tiltak lagt inn.
2020:	kr 2795,-	Utsifting av bilmateriell, renovasjon Hornindal, rentekostnad frå lån.
2021:	kr 3123,-	Avskrivning frå investeringar i 2020 og 3,5% pris og lønsstigning
2022:	kr 3272,-	Rente frå lån innløysing grunn, og løns-prisstigning 3,5 %.
2023:	kr 3386,-	Løns-prisstigning 3,5 %.

Samanlikning i gebyr mot landet og naboselskapa.

Landsgjennomsnittet eks mva. er kr 2858,- i 2018 .

Heimesidene til kommunane rundt oss, syner slike standardgebyr i 2019, eks .mva.

Stranda	kr 3644,00
Stryn	kr 3098,40
Hareid/Ulstein	kr 3268,80
Sula	kr 2876,00

Slik vi ser det, vil vi fortsatt ha det billigaste gebyret i området i 2022 og 2023 når vi har bak oss nyinvesteringar og oppgradering av anlegg i 2020 og 2021. Likså ligge under landsgjennomsnittet.

Status til ikkje gjennomførte investeringar pr. 31.12.2019.

Alle tiltak utover det å ha nok behaldarar, containerar og nedgravne anlegg er sett på vent.

Oppgradering av garderobe og dusjar i adm. bygget i Hovdebygda vert å utsette til 2022 alternativt å få det til innafør ramme. Grunnen til trongen, er primært manglande garderobar for kvinner, og oppgradering av deler av eksisterande garderobar, som er slik i dag som dei var når VØR sitt første anlegg vart etablert i 1988.

Naudsynte vedlikehaldsinvesteringar i 2020 - 23.

Containerane vi har på miljøstasjonen er for ein del over 10 år. Vi sveiser og reparerer på dei, men må og skifte ut med jamne mellomrom. Nokre nye containear må vi kjøpe for at drifta skal glide godt. Utover syner det seg at mindre ombyggingar og endringar må gjerast kvart år. Vi har sett av 1 mill. pr år til slike mindre investeringar.

Bilparken må fornyast på grunn av elde. Leasing og lån er alternativ som vert vurdert når overtakingstidspunktet nærmar seg.

Nærare om dei enkelte tiltaka

Melsgjerdet – etableringsåret 2020.

Løyvet er klart og konkurransegrunnlaget er ute med sikte på kontraktssinngåing rundt nyttår. Vi vil nytte totalentreprise, så dermed vil konkret utsjånad ikkje vere klart før anbudsopning.

Gebyrmessig effekt i 2020 av dette som nytt tiltak er rente på lån. Kr 126,- på alle abonnement. Alle andre kostnader er rekna som investering og vert avskrive i prosjektet sin levetid.

Hageavfall

Det er i dag full stopp i levering av kværna hageavfall. Det ligg på lager etter at det vart stopp på levering til Nomil. Seinast våren 2020 må vi ha løysing i gang, noko vi i konkurransegrunnlaget har sett rekkefølgekrav om.

Vi ventar om lag same kostnadsnivået når vi tar over i eigenregi og komposterar i tråd med løyve, som det fram til no har kosta oss ved å levere til Sandane og Bingsa. Klimaeffekten er positiv ved at vi får monaleg redusert transport.

Andre tiltak.

Vi skifta hjullastar i Hovdebygda i 2017. Restverdien på den gamle frå 2008 vert vurdert slik at den kan gå som hjullastar på Melsgjerdet i heile planperioden. Dvs. til den er 16 år. Belastninga her er mindre enn i Hovdebygda.

Innsamlingsbilane må skiftast med jamne mellomrom. Dette er tatt ut av investeringsbudsjettet og overført driftsbudsjettet i form av leasingkostnader. Nærare leveringsdato for materiellet, vil vi ta ein nøyare vurdering av kjøp eller leasing.

Representantskapet har ei målsetting om å redusere transport i selskapet. Overgang til nedgravne anlegg er eit tiltak i den retning på innsamlingssida.

Alle nye konsentrerte bustadprosjekt av ein viss storleik, tilrår vi å satse på nedgravne anlegg, og her er kommunane flinke til å følgje opp, synes vi.

Kva som blir av dette er det likevel marknaden som avgjer. Vi har avsett 2 mill. første år, deretter 1,0 mill. i resten av planperioden.

Ikkje med i planen: Innføring av fri kvote grovavfall pr. år.

Då det med jamne mellomrom er oppe spørsmål om det, tar eg med ei kort vurdering om innføring av fri kvote pr abonnement. VØR hadde dette frå 1997 – 2004. Det har vorte meir aktuelt i seinare år, då selskapa i Trøndelag har innført dette, Oslo har det og lokalt har ÅRIM hatt slik ordning.

Formålet med ordninga er å redusere uløyves disponering og ekstraarbeid for kommunane med å føre tilsyn. I den grad slikt er aktuelt er det Årim sitt system som i så fall må innførast.


Årim har i dag ei 600 kg kvoteordning med grovavfall pr abonnement. Fritidshusa kan levere 200 kg innfor sitt gebyr. I ordninga ligg det utlevering av kvotekort til alle abonnentar ilag med vedlikehald av ordninga og dekning av kostnadene med det innsamla avfallet.

Vi tippar at dette hos oss kjem på totalkostnader i storleik 2,5 millionar kr og kr 375,- i auka gebyr pr. abonnent inkl. mva.

Vår vurdering er å ikkje tilrå å innføre dette no. Dette bør vente til neste planperiode når vi har fått stabilitet i drift og på gebyr som følgje av tunge løft akkurat no.

Samla kostnad blir tilsvarande ei stilling pr. år med vedlikehald av ordninga som lading av kort, erstatte bortkasta kort, lage nye kort til nye eigedomar osv. «Storkøyvinga» av kort meiner vi kan leigast inn ein gang pr. år.

Vi trur og at ein del avfall vil skifte eigar, ved at kundane går over til å køyre avfallet sjølve i staden for å gå via containerfirma. Vidare får vi bortfall av inntekter som vi i dag har over vekta i storleik 1,9 mill.kr.


Petter Bjørdal
Dagleg leiar